



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Formannskapssalen, Bømlo rådhus
Dato:	20.02.2020
Tid:	10:00 - 14:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lene Borgen Waage	Leiar	AP
Vegard Enerstvedt	Nestleiar	H
Anfinn G. Tolås	Medlem	KRF
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Silje Sivertsen	Medlem	V

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bente Helen Natterøy	Silje Sivertsen	V

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Sammy Olsen	Ordførar (PS 1/20)
Aud Gunn Løklingholm	Konstituert rådmann (PS 2/20 og PS 3/20)
Kjersti Gjuvland	Seniorkonsulent
Annbjørg Ryssdal	Konsulent
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Lene Borgen Waage
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 12.12.2019		2019/108
	Politiske saker		
PS 1/20	Orientering frå ordførar gjeldande ny politisk utvalsstruktur i kommunen		2020/61
PS 2/20	Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan		2018/30
PS 3/20	Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - revisjonsrapport		2019/36
PS 4/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 1		2019/110
PS 5/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 1		2019/137
PS 6/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2019/112
PS 7/20	Møteplan 2020 for kontrollutvalet		2019/109
PS 8/20	Eventuelt		2020/60
	Referatsaker		
RS 1/20	FKT - medlemsinformasjon desember 2019		2019/15
RS 2/20	FKT - Invitasjon til fagkonferanse 2020		2019/15

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og saksliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke

GK 2/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 12.12.2019

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 12.12.2019

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 12.12.2019 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 1/20 Orientering frå ordførar gjeldande ny politisk utvalsstruktur i kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Ordførar orienterte om endring av utvalsstruktur og viste blant anna til kommuneloven § 5-14, der det kjem fram at kommunestyret har fullmakt til å gjera dette.

I kommunestyremøte 02.10.2019 i PS 89/19 var dette oppe som sak «Val av kommunale utval og råd for perioden 2019-2023. Kommunestyret har i sak PS 14/2020 i møte 10.02.2020 vedteke å opprette ei arbeidsgruppe som blant anna skal sjå på fordeling av ansvar og arbeidsområde mellom formannskap og utval. Dette skal vera grunnlag for administrasjonen sitt arbeid med «Reglementet for politiske organ - delegering 2020-2024. Kommunestyret må etter kommuneloven vedta dette reglementet innan 31.12.2020.

Forslag til vedtak vart samrøystes

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

PS 2/20 Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar, med frist 15.05.2020.

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Konstituert rådmannen orienterte kort om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Grunna at kommunen har starta prosess med å ansette ny rådmann og at presset på organisasjonen er stort, vart kontrollutvalet einig om å utsetja fristen til septembermøtet.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar, med frist 01.09.2020.

PS 3/20 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - revisjonsrapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at det blir etablert system for registrering av vedtak, der det også inngår
 - a.) Status for oppfølging og iverksetjing
 - b.) Kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming
 - c.) Rapportering til politiske møte
2. Sørge for at det blir oppdatert informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette
 - a.) Tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet
 - b.) Vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på god måte
3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet.
4. Sørge for ein god avviksmeldekultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analyser av avvik som er meldte i verksemdene.
5. Sørge for at det blir etablert felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar.
6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda.
7. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i ver for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Deloitte presenterte forvaltningsrevisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Konstituert rådmann kommenterte spesielt at kommunen innafor andre fagområde har gode system for ivaretagelse av internkontroll og at ein og har ROS-analyser til å hjelpa seg med. Det vart vist til blant anna sist møte i kontrollutvalet der konstituert rådmann var inne og orienterte om tilsynssaka frå fylkesmannen innan samfunnstryggleik og beredskap.

Kontrollutvalet vart einige om å endra litt i innstillingspunkt 1. Fristen for rådmannen til å lage ein prioritert handlingsplan vart og endra frå 01.05.2020 til 01.09.2020.

Innstillinga vart samrøystes vedteke, med endring i punkt 1 og endring av frist i punkt 7.

Innstilling

Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at det blir etablert og tatt i bruk felles system for registrering av vedtak, der det også inngår
 - a.) Status for oppfølging og iverksetjing
 - b.) Kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming
 - c.) Rapportering til politiske møte
2. Sørge for at det blir oppdatert informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette
 - a.) Tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet
 - b.) Vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på god måte
3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet.

4. Sørge for ein god avviksmeldekultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analyser av avvik som er meldte i verksemdene.
5. Sørge for at det blir etablert felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar.
6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda.
7. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i ver for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 4/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentligheitsvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Deloitte gjennomførte prosessmøte med kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegheitsvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjonen så langt til orientering.

PS 5/20 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll så langt til orientering.

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Deloitte gjennomførte prosessmøte med kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande egarskapskontroll så langt til orientering.

PS 6/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
-----------------	-----------------------

Kommunestyret	
Formannskapet	

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Grunna at to av dei faste medlemmane i kontrollutvalet ikkje var tilstade i dette møte, vart kontrollutvalet einige om å utsetje saka til neste møte.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering. Fordeling av ansvar for gjennomgang av møteprotokollane, vart utsett til neste møte.

PS 7/20 Møteplan 2020 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2020:

Dato:
20.02.2020
23.04.2020
28.05.2020
10.09.2020
03.12.2020

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet gjekk gjennom forslag til møteplan. Kontrollutvalet vart einige om at aprilmøte utgår grunna blant anna få saker, og at neste møte i kontrollutvalet vert 28.05.2020

Vedtaket var samrøystes

Vedtak

Dato:
20.02.2020
28.05.2020
10.09.2020
03.12.2020

PS 8/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Bømlo kommune ønsker å ha eventuelt som sak i kvart møte

Saksprotokoll i 20.02.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

1.Eventuelt som sak i kvart møte.

Utvalet er enige om å ha eventuelt som sak til kvart møte.

2.Ei konkret sak gjeldande barnevernet

Kontrollutvalet lukka møte med heimel i Kommuneloven § 11-5, 3 ledd pkt. a)

Utvalsleiar orienterte om saka til kontrollutvalet og sekretær, og vart i tillegg orientert om at utvalsleiar vil delta på kontrollutvalsmøte i Stord kommune, nå i mars. Dei andre medlemmane var samde i dette.

3.Sekretariatet orienterte kort om to referatsaker som ikkje var på sakslista

FKT-medlemsinfo for desember og FKT Fagkonferanse 3 og 4 juni på Gardermoen.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønsker å ha eventuelt som sak i kvart møte.
2. Kontrollutvalet tek saka gjeldande barnevernet til orientering
3. Referatsakene vart tekne til orientering